

Synlege på to hjul

Første- og andreårs-elevane på Børnlo vidaregåande skule hadde trafikktryggleik på timeplanen i første veke.

Børnlo vidaregåande skule søkte Hordaland fylkeskommune om trafikktryggleiksmidlar og fekk 10.000 kroner. Dermed kunne skulen invitere til ein time med trafikktryggleik som tema i regi av Per Ove Sercan Husevik i Sunnhordland trafikkopplæring.

Trygge mopedistar

Skulen har ein fast trafikktryggleiksdag for russen kvar vår. Opplegget torsdag var mynnta på dei to andre klassesstege. Då var det naturleg å leggja vekt på tryggleiken til dei som køyrer moped og lett motorsykkel.

– Me har fått meldingar frå naboar til skulen som fortel om mopedistar som held litt for høg fart etter skuleslutt, og barn som blir redde. I tillegg har me fått høyre at dei som køyrer moped ikkje er så flinke til å bruke refleksest. Dette ønskte me å gjera noko med, seier rektor Asbjørn Mæland.

Skulen inviterte også ordførar Odd Harald Hovland. Børnlo kommune har fått status som trafikksikker kommune, og ordføraren er lensmann i det sivile liv. I tillegg fekk skulen vifjing av Gunnar Erslund som er nabo til skulen på Lette.



GODT SYNLEGE: Synne Grønås (17) og Heidi Vold Stavland (16) var blant dei unge mopedistane og motorsyklistarane som fekk refleksestær i gåve. (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)

Gode klede er viktig
Sercan Husevik streka i sitt innlegg under kor viktig det er å vera godt synleg med refleksest både som fotgjengar og mopedist. I tillegg syntte han nokre sterke bilete av skader som kan oppstå om ein køyrer moped utan å kle seg skikkeleg.

Firebarnsfar Erslund oppminda elevane som køyrer moped om å køyre sakte på Lette.

Ordførar Hovland sa at han ville ha elevane på med sitt lag i det å gjera kommunen trafikkisikker.

– Me har ingen å miste.

Sterke inntrykk
Synne Grønås (17) og Heidi Vold Stavland (16) tok på seg refleksestane med ein gong. Kva gjorde inntrykk?

– Biletet av den skadde foteni Eg visste ikkje at det kunne skje så alvorlege ting, seier Vold Stavland. Grønås seier ho

forstår nabo Erslund.

– Eg trur gjerne ikkje me tenker over at det går så fort, men for dei som er gåande kjem me gjerne brått på.

– Ja, me blir gjerne fartsblinde, seier Grønås. Begge meiner det var ein nyttig time.

– Kjem de til å bruke reflek-

sestær?

– Ja, det vil me.

Håvard Hammarstrøm
havard.hammarstrom@bornlo-nytt.no



– SER DU FOTGJENGAREN?: – Her må ein vente at det kjem fotgjengarar ut i vegen, seier trafikkleiar og dagleg leiar i Sunnhordland Trafikkopplæring, Per Ove Sercan Husevik. (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)



DELTE UT REFLEKSESTÆR: Ordførar Odd Harald Hovland deler ut refleksestær. Han fortalde ungdommen at Børnlo kommune har fått status som trafikkisikker kommune (FOTO: HÅVARD HAMMARSTRØM)